

## Invitasjon til å delta ein planprosess om førebyggande planar

Statsforvalteren ønskjer i samarbeid med KORUS, RVTS, RKBU, NAPHA og KS å invitere kommunar som ønskjer å satse på å skape samanheng i sitt planverk på førebyggingsfeltet til å delta i ein planprosess våren 2023. Vi vil ha særleg merksemd på førebyggande arbeid retta mot barn, unge og foreldre.

Implementering av nye tiltak, metodar og kompetanse er krevjande og langsiktig arbeid som krev gode planar, gode strukturar og ei leiing som evnar å halde oppe merksemda og innsatsen over tid. Vi frå Statsforvaltaren, kompetansemiljøa og KS ynskjer å gjere det vi kan for å understøtte kommunane i dette arbeidet. God og heilskapleg rådgiving i planprosessane er eit slikt grep.

### Bakgrunn

Bakgrunnen for at vi no går saman om å invitere kommunane til ein planprosess, slik vi tidlegare har gjort kring dei ruspolitiske handlingsplanane, er oppvekststreforma (også omtala som barnevernreforma) og lovkravet om at kommunestyret skal vedta en plan for kommunens førebyggande arbeid [jamfør barnevernlova § 3-1](#), endringane i velferdstenestelovgjevinga om samarbeid, samordning og barnekoordinator, jf. [Lovendringar i 14 lovverk](#) og resultata frå [kartlegginga](#) vi gjorde om status i det valdsførebyggande arbeidet i Vestland i november 2021.

Lovendringane, reforma og kartlegginga tyder på at førebyggande arbeid er særleg aktuelt for mange kommunar no, og at dette er eit område som vi saman må halde merksemda på i fleire år framover.

Både Statsforvaltaren, KS, kompetansemiljøa og Fylkeskommunen har i sitt mandat å gi råd og støtte til kommunane når dei ber om råd eller hjelp i sine planprosessar. Både for å utnytte våre ressursar godt, og for å gje mest mogleg heilskaplege og like råd trur me det kan være hensiktsmessig at både vi, og kommunane samlast og ser på heilskapen i dei førebyggande planane.



## **Arena for erfaringsutveksling mellom kommunar, og høve til prosessarbeid om eigne planar**

Vi har også erfart at det kan være nyttig å skape nokre tverrfaglege arenaer for erfaringsutveksling, både på tvers av tenesteområde og på tvers av kommunegrenser, dette vil vi legge til rette for.

Vi veit at mange kommunar er i gang med store prosessar for å kartlegge status i eigen kommune når det gjeld kva behov innbyggjarane har og kva kompetanse og tiltak kommunen per i dag rår over i tenestene som møter barn, unge og foreldre. Fleire kommunar har avdekkat at dei treng å utvide tiltaksvifta si for å kunne gje god og rett hjelpe til barn, unge og foreldre når dei treng det.

Mange kommunar treng ein langsiktig plan og større utviklingsprosessar for å møte dei krav og forventingar som ligg til kommunane. Skal me lukkast med intensjonen i reforma, må kvar kommune ha gode og verksame tiltak tilgjengeleg. Kommunane må også ha gode strukturar for å sikre samarbeid og koordinerte tenester når barn og foreldre treng hjelpe frå fleire tenester samstundes.

Nokre kommunar har tenestesamarbeid eller vertskommunesamarbeid, dette gjer at planprosessane kan bli særleg krevjande. Reforma aktualiserer samarbeid kring drift av hjelpe tiltak og kompetansebygging på tvers av teneste- og kommunegrenser.

Å lage gode og nyttige planar som bidreg til at kommunen på alle nivå arbeider i same retning mot felles mål, med felles strategiar er krevjande på fleire vis. Kommunane har stor friheit i korleis dei ynskjer å utforme sitt planverk, og på det førebyggande feltet kan ulike planar ha overlappande tema. Det førebyggande arbeidet vert omtala både i kommuneplanens samfunnssdel, i oppvekstplanar og i eigne temoplanar. Utfordringa er å lage gode og konkrete handlingsplanar med naudsynte tiltak som fører fram mot dei måla som er sett i planane, og at perspektiva og innsatsen er så langsiktig og intensiv som naudsynt for å lukkast med å integrere endringane i den ordinære drifta. Vi må anerkjenne at dette er arbeid som tek tid.

Kommunane er forventa å ha planar for korleis dei skal arbeide for å førebygge omsorgssvikt, vald, seksuelle overgrep, sjølvmord, overdose, avhengigheit av alkohol og rusmiddel, åferdsvanskar, fysiske og psykiske helsevanskar og for å ivareta og fremje den generelle folkehelsa. Dette er tema vi vil rette merksemd mot i planprosessen vi inviterer dykk til å delta i.



## **Dei lange linjene**

Gode planar kan være særsviktige verktøy for å sikre at dei ulike aktørane arbeider strategisk og langsiktig mot enda betre og meir samanhengande tenester til barn, unge og foreldre. På ei anna sid kan planar like godt være heilt verdilause dokument, dersom ikkje dei planane er meint å leie ikkje har vore involvert i å lage dei, eller ikkje veit kva som står i planen, eller ikkje har naudsynte ressursar eller kunnskap til å følgje opp det som står i planen, jf. funna frå kartlegginga [Kva er status i det valdsførebyggande arbeidet på barn og ungefeltet i Vestland?](#)

## **Uforpliktande digitalt informasjonsmøte**

Vi inviterer alle interesserte til eit uforpliktande digitalt informasjonsmøte den:

**5. desember 2022, frå kl. 10.00 – 12.00 på Teams** Les meir om møte og meld deg på her:

[Påmelding til uforpliktande informasjonsmøte om tilbodet til å delta i planprosessen](#)

Alle som har interesse for å høre meir om dette tilbodet er velkomne til å delta.

Vi oppmodar kommunaldirektørar, kommunalsjefar, tenesteleiarar med ansvar for tenester til barn, unge og foreldre, de som har ansvar for å koordinere arbeidet med dei planane som er nemnt i dette dokumentet og tilsette i kommunens planavdeling til å melde dykk på informasjonsmøtet. I møte vil vi gje informasjon om kva de kan forvente om de melder dykk på dette tilbodet, og det vert anledning til å stille spørsmål.

## **Praktisk**

Vi håpar at deltaking på samlingane i planprosessen blir gratis for kommunane, men vi må ta eit forbehold om at vi ikkje har full oversikt over kva midlar vi har til disposisjon for 2023 enda. Kommunane må sjølv berekne å dekkje eigne reiseutgifter i samband med dei to fysiske samlingane. Dei fysiske samlingane vert lunsj til lunsj. Kvar kommune kan melde på inntil ti personar til dei fysiske arrangementa, og på dei digitale kan kommunane invitere med seg alle dei ynskjer.

## **Målgruppe**

Dei som har ansvaret for å koordinere arbeidet med dei ulike førebyggande planane, nøkkelpersonar, planavdeling, kommunalsjefar og tenesteleiarar med ansvar for tenester til barn, unge og foreldre.

## **Vi planlegg to fysiske og to digitale samlingar våren 2023.**

Statsforvaltaren, NAPHA, Korus, RVTS, RKBU og KS vil være representert på samlingane, og tilgjengelege med plan- og fagkompetanse på ulike felt. Vi vil også svare på spørsmål, delta i diskusjonar og refleksjonar. Vi har også invitert Fylkeskommunen til å delta på samlingane.

### **Tentativt innhald i planprosessen og tema for dei ulike samlingane:**

Under ser de litt om kva innhald vi ser føre oss i dei ulike samlingane. Dei som deltek vil få god anledning til å innverke på kva vi nyttar tida til på samlingane. Ein viktig del av samlingane blir erfaringsdeling mellom kommunane, og tid til å snakke saman internt med dei som deltek frå eigen kommune.

Vi legg inn tentatyte datoar for samlingane, desse tidspunkta vert endeleg spikra etter informasjonsmøte den 5. desember, slik at me har rom for å justere om tidspunkt ikkje høver for fleire av dei interesserte kommunane.

<b>Samlingane</b>	<b>Tidspunkt og sted</b>	<b>Tema</b>
Fysisk samling	25. – 26. januar 2023 i Bergen frå lunsj til lunsj	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rammer for kommunalt planarbeid</li><li>• Kartlegging og analyse som grunnlag for videre planprosess</li></ul>
Digital samling	15. mars 2023 på Teams kl. 9.00 – 15.00	<ul style="list-style-type: none"><li>• Forankring</li><li>• Involvering av relevante aktørar i planprosessen</li></ul>
Digital samling	26. april 2023 på Teams kl. 9.00 – 15.00	<ul style="list-style-type: none"><li>• Forebyggande tiltak – kva verkar?</li><li>• Tiltaksutvikling og kompetansebygging</li></ul>
Fysisk samling	31. mai – 1. juni 2023 i Førde frå lunsj til lunsj	<ul style="list-style-type: none"><li>• Handlingsdelen – frå planar til tiltak</li><li>• Korleis skal vi nå måla om enda betre tenester?</li><li>• Kva skal til for å lukkast med å skapa varige endringar i praksis?</li></ul>

Vi legg også opp til at kvar kommune kan reflektere saman kring eit førebudd tema mellom samlingane.

## Referanseliste

Oversikt over relevante dokument og lenker som omhandlar lovkrav, rettleiing og forventingar til kva planar kommunane skal ha, bør ha og er råda til å ha.

PLAN OG TEMA	REFERANSE, LENKE OG RETTLEIARAR
Kommuneplanens samfunnsdel	Lovkrav: <a href="#">Plan- og bygningsloven §§ 11-1, 11-2 og 11-3</a> <a href="#">Veileder om kommuneplanprosessen - samfunnssdelen og handlingsdelen</a> <a href="#">Veileder om barn og-unges interesser i planlegging</a>
Plan for førebygging, jf. Barnevernloven § 3-1	Lovkrav: <a href="#">Barnevernlova § 3-1</a> Lenke til rettleiar: <a href="#">Saksbehandlingsrundskrivet.pdf (bufdir.no)</a> s. 63-64 Andre relevante lenkjer: <a href="#">Bufdir si nettside om oppvekst- og barnevernreforma</a> <a href="#">Statsforvaltaren si nettside om oppvekst- og barnevernreforma</a>
Handlingsplan mot vald i nære relasjoner	Regjeringens handlingsplan for å forebygge og bekjempe vold i nære relasjoner 2021-2024: <a href="#">Frihet fra vold</a> <a href="#">Veileder for utvikling av kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner</a> <a href="#">Retningslinjer for tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge</a>
Handlingsplan mot sjølvmord	Relevante lenkjer: Handlingsplan for forebygging av selvmord 2020-2025 <a href="#">regjeringens-handlingsplan-for-forebygging-av-selvmord-2020-2025.pdf</a>
Alkohol- og ruspolitiske handlingsplanar	Lovkrav: Alkoholloven §1-7d: <a href="https://lovdata.no/lov/1989-06-02-27/§1-7d">https://lovdata.no/lov/1989-06-02-27/§1-7d</a> Helsedirektoratets kommentar: <a href="#">§ 1-7d. Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan - Helsedirektoratet</a> Relevante lenkjer: <a href="#">Kommunen bør utarbeide en god alkoholpolitisk handlingsplan - Helsedirektoratet</a> <a href="#">kommunetorget.no - Rusmiddelpolitisk handlingsplan</a>

### 1.2 Hovedhensikt med samfunnssdelen

#### *Bedre og mer helhetlig planlegging for en bærekraftig samfunnsutvikling*

Kommuneplanens samfunnsdel er verktøyet for kommunens helhetlige planlegging. Samfunnssdelen har to hovedinnretninger:

- Kommunesamfunnet som helhet
- Kommunen som organisasjon

Gjennom arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen vektlegge viktige utfordringer knyttet til samfunnsutvikling og synliggjøre de strategiske valg kommunen tar. Spesielt viktig er dette for sentrale samfunnsforhold som folkehelse, barn og unge, integrering, næringspolitikk m.m.

Kommuneplanen skal videre synliggjøre utfordringer, mål og strategier for kommunen som organisasjon. Kommuneplanens samfunnsdel skal gi overordnede mål for sektorenes planlegging og retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i den kommunale virksomheten.

Referanse: [Veileder om kommuneplanprosessen - samfunnssdelen og handlingsplanen](#) s. 6.